



MILJØFAGLIG UTREDNING AS  
Topp Sundveien 1333  
9423 GRØTAVÆR

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Bjarne Otnes, 71 25 85 75

## Dispensasjon for innsamling av nødvendig belegg frå plantar, sopp og lav i samband med basiskartlegging i verneområde i Møre og Romsdal 2022

Statsforvaltaren viser til søknad i e-post av 20.04.2022 frå Miljøfagleg Utredning AS om løyve for å samle inn belegg av planter, sopp og lav som er nødvendig for å bestemme artar i ti naturreservat i Møre og Romsdal.

### Bakgrunn

Miljøfagleg Utredning skal, på oppdrag frå Miljødirektoratet, gjennomføre basiskartlegging etter NiN-systemet i ti naturreservat i Møre og Romsdal i løpet av sommaren og hausten 2022. Dette omfattar Tågdalen naturreservat (nr), Molnes nr, Farstadbukta nr, Hustadbukta nr, Prestgardselva nr, Storeidet nr, Remerhornheiane nr, Einsetmyra nr, Boksaspa nr og Sandvikmyrane nr. Målet med kartlegginga er å styrke kunnskapsgrunnlaget i verneområda. For å bestemme artar kan det bli nødvendig å samle inn belegg av planter, sopp og lav. Dette inkluderer artar som er oppført på Norsk raudliste for artar 2015. Det vil ikkje bli tatt belegg av artar dersom det har stor negativ påverknad for bestanden i området.

### Lovgrunnlag

I alle områda er all vegetasjon, også døde buskar og tre, freda mot ei kvar form for skade og øydelegging.

Statsforvaltaren kan gi dispensasjon frå verneforskriftene dersom det ikkje strir mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig, jf. § 48 i naturmangfaldlova (nml). Søknaden må også vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7. Prinsippa omfattar vurdering av kunnskapsgrunnlag (§ 8), føre-var-omsyn (§ 9), samla belastning (§ 10), kostnader for å hindre skade på naturmangfald (§ 11) og miljøforsvarleg teknikk/driftsmetode (§ 12).

### Statsforvaltaren si vurdering

Naturreservata omfattar verneformål knytt til myr, havstrand, sanddyner og edellauvskog. Statsforvaltaren legg til grunn at basiskartlegging etter NiN-systemet i verneområde i Møre og Romsdal er viktig for å styrke kunnskapsgrunnlaget. Dette vil igjen bidra til å sikre naturmangfaldverdiane i dei aktuelle verneområda. Formålet med prosjektet veg opp for den minimale skaden



vegetasjonen kan bli påført. Kartlegginga blir utført av kompetente biologar med tilstrekkeleg kunnskap til å vurdere kva for artar som ut i frå bestandssituasjonen ev. ikkje bør samlast inn. Omfanget tilseier elles at auka samla belastning på naturverdiane som følgje av kartlegginga er uvesentleg (nml § 10).

Kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for vedtaket vurderer vi som tilstrekkeleg til å gi dispensasjon, jf. nml § 8. Førre-var-prinsippet (nml § 9) får ikkje vekt. Vi ser ikkje behov for særskilt vurdering etter nml §§ 11 og 12.

### **Vedtak**

Statsforvaltaren gir Miljøfagleg Utredning AS dispensasjon frå verneforskriftene for Tågdalen naturreservat (nr), Molnes nr, Farstadbukta nr, Hustadbukta nr, Prestgardselva nr, Storeidet nr, Remerhornheiane nr, Einsetmyra nr, Boksaspa nr og Sandvikmyrane nr til å kunne samle inn belegg av planter, sopp og lav for å bestemme artar i verneområda. Dispensasjonen omfattar også ev. innleigde underleverandørar. Heimel for vedtaket er § 48 i naturmangfaldlova.

### **Klage på vedtaket**

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan tre veker frå det er mottatt. Klagen må vere grunngitt, og skal sendast til Statsforvaltaren. Miljødirektoratet avgjer klagen dersom Statsforvaltaren opprettheld vedtaket. Reglane om klage på vedtak går fram av kapittel VI i forvaltningslova.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)  
assisterande miljøverndirektør

Bjarne Otnes  
fagleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*